



## Notat

Dato: 02.03.2017  
Arkivsak: 2015/11453-74  
Saksbehandlar: adelan

---

**Til:** Hordaland fagskulestyre

---

**Frå:** Fylkesdirektør opplæring

---

### Endring i vedtektene til styret for Fagskolane i Hordaland

Fylkesutvalet har handsama sak [PS 52/2017](#) om endring i vedtektene til styret for Fagskolane i Hordaland 23.02.2017 og gjorde følgjande vedtak:

#### **Vedtak**

Punkt 2, 6, 8 og 10 i vedtektene for styret ved Fagskolane i Hordaland vert endra som følgjer:

#### **Punkt 2.**

Styret for Fagskolane i Hordaland har sju medlemmer. Fem medlemmer, med to varamedlemmer, blir valde av fylkestinget. Tilsette og studentar har éin representant kvar med personleg vara. Tilsett- og studentrepresentant har møte-, tale-, forslags- og stemmerett, og er fullverdige medlemmer av styret.

#### **Punkt 6.**

Styret skal opprette ei lokal klagenemnd som skal handsame klager på enkeltvedtak (jf. fagskulelova § 13). Styret kan bestemme at klagenemnda også skal handsame andre klagesaker for studentane og saker etter §§ 7, 9, 10, 11 og 12 i fagskulelova. Avgjerd om habilitet etter §§ 6-10 og om teieplikt etter §§ 13-13 e i forvaltningslova gjeld for handsaming av saker, jf. fagskulelova. Avgjerd om opptak, fritak og innpassing, avsluttande vurdering, bortvising, utestenging og andre disiplinære sanksjonar skal handsamast etter reglane om enkeltvedtak i forvaltningslova.

#### **Punkt 8.**

Styret er ansvarleg for at det finst ein plan for innhaldet i utdanninga og for korleis denne vert gjennomført. Styret er også ansvarleg for kvalitetssikring av utdanningane og skal ha eit etablert kvalitetssikringsystem som sikrar kontinuerlege forbetringar og yrkesrelevans i utdanningane, og som gjev tilfredsstillande dokumentasjon av kvalitetssikringsarbeidet ved institusjonen og avdekker sviktande kvalitet.

#### **Punkt 10.**

Styret er ansvarleg for at det sams reglementet eller forskrift for Fagskolane i Hordaland vert følgd.

Endringane er gjort på bakgrunn av endringar i fagskulelova 1. juli 2016, med tilhøyrande forskrifter, om lokal klagenemnd for fagskular. Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga (NOKUT) har i tillegg hatt revisjon

ved to utdanningar ved Fagskolen i Hordaland (tidlegare Bergen tekniske fagskole), og i samband med dette er det peikt på tilhøve som ikkje er tydelege nok, eller som manglar omtale. Dette gjeld kva rettar student- og tilsettrepresentant har, og dessutan styret sitt ansvar i høve til kvalitetssikring av utdanningane.

Vedlegg:

1. Vedtekter for styret ved Fagskolane i Hordaland